



# Seljord kommune



## Orientering til Kommunestyret 4.2.2021

---

Rådmannen



## Programområde 1

### Sentraladministrasjonen og fellestenester

#### **Prosjektstart oppgradering av sak/arkivsystem**

Både Nissedal og Fyresdal kommunar har vedteke oppgradering til Ephorte 6. Seljord kommune ved arkivleiar har tatt på seg oppgåva med å koordinere arbeidet mellom leverandør SIKRI, Aspit og arkivleiarar i dei andre to kommunane. Sjølv omlegginga skal skje i mai månad. Fram til den tid er det installasjon av nye servere konfigurering av base m.m som står for tur.

#### **Eigedomsskatt**

Seljord kommune har inngått kontrakt med konsulentfirma som skal gjennomføre takseringsoppdraget for SK. Fyre den tid vil det vere mykje arbeid knytt til oppgradering og retting av feil i matrikkel. Dette arbeidet vil gå utover normale arbeidsoppgåver for ein skilde tilsette på teknisk. Det vil mellom anna vere behov for ekstra ressursar og ein har forlenga engasjementet til Amalie Verstod fram til sommaren slik at ho kan avhjelpe noko på arbeidsmengda.



## Programområde 2

Skule og oppvekst

- Avvik skule og barnehage (Q4:24 + Q1:7)
  - *Bemanning Flatdal oppv.senter, avd bhg.*
  - *Elevåtferd Seljord b.-og u.skule.*
  - *Lang ventetid sakkyndig vurdering PPT.*
- Tilsyn kap. 9a avslutta - alle avvik lukka.
- Prosjektleder Tommy Lauvstad starta arbeidet med forprosjekt "Flatdal skule".
- Leige til eige. Kjøp av Hegnivegen 17.



## Programområde 3

Helse og omsorg

Vi har tatt i bruk leige plass i Kviteseid ved KOS

Det er sendt ut svar på klagesak - Støy frå Fjellheimpuben

### **Planlegging:**

- Vi er i gang med Helse- og omsorgsplan
- Vi har starta opp med planlegging av eldresatsinga "Leve heile livet".

Prosjektleder for planarbeidet: Kristin Åmot

# LEVE HEILE LIVET



Meld. St. (2017-2018)

Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre

## 5 satsingsområde:

1. Eit aldersvennleg Norge
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltider
4. Helsehjelp
5. Samanheng i tenestene



Seljord kommune

# Belegg Nesbukti pleie- og omsorgssenter

01.01-31.12 2020	Senger	Kapasitet i døgn	Nytta liggedøgn	Belegg i %
Totalt	32	11 712	11 496	98,16
Somatisk avdeling	23	8 418	7 877	93,57
Skjerma avdeling	8	2 928	2 872	98,09
Leigeplass	-	-	179	-
Ø-seng	1	366	163	44,54

01.01-27.01 2021	Senger	Kapasitet i døgn	Nytta liggedøgn	Belegg i %
33	32	864	806	93,29
Somatisk avdeling	23	621	557	89,69
Skjerma avdeling	8	216	183	84,72
Leigeplass	1,25	34 (33,75)	36	94,44
Ø-seng	1	27	13	48,15



Bilder frå vaksinerings  
i dag





## Programområde 4

### Samfunn og drift

#### **Nordbygdi næringsområde –søknad til TUF**

Søknad om med finansiering sendast 8. februar.

#### **Sal av aksjar i VTTP AS**

Aksjeposten som Seljord kommune har eigd på på 24 % av Vest-Telemark Teknologipark AS er selt til verksemda. Avtala ligg som referatsak

#### **Utvalde kulturlandskap**

UKL Hjartdal og Svartdal har i den ferske tildelinga av midlar fått heile kr 1.160.000 for 2021. Vi la inn eit ynskje om 1,5 mill kr, men vi er svært nøgde med at SF har sett resultat av arbeidet vi har lagt ned og gjer. (I fjor fekk vi 1 mill kr). Til samanlikning fekk **Jomfruland og Stråholmen kr 600.000 og Færder kr 700.000.**

#### **Reguleringsplan Sinnesodden**

Det har kome mange innspel og merknader til planforslaget, det vil vere behov for ny 2. gongs handsaming og ny runde med høyring. Fylkeskommunen har kome med motsegn til rekkjefylgjekrav til G/S vegen i planforslaget, og det vil bli dialog fyre planen skal opp til ny handsaming. Administrasjonen ser at det er naudsynt med ekstern bistand frå konsulent for å kunne raskt fremje nytt planforslag. Det er ikkje kapasitet i organisasjonen til å handtere dette fyrste halvår 2021.

#### **Statleg støtte til nærbutikkar i Seljord kommune**

To nærbutikkar i Seljord kommune har fått tilsegn om statleg støtte gjennom Merkur-programmet i 2. halvår 2020: Hegna landhandel har fått 600.000 kr i investeringsstøtte til vidare utvikling av butikken. Åmotsdalsbui har fått 195.000 kr i investeringsstøtte til vidare utvikling av butikken.

**Midlar til bedrifter i kommunen** - Den fylkeskommunale støtteordninga BIO - Bedriftsintern opplæring løyvde i november om lag kr 820.000,- til fire verksemder i Seljord, eit godt tilbod til verksemder som ynskjer å heve kompetansen til dei tilsette.





## Programområde 4

### Samfunn og drift

#### Flaumsikring og sikring av uteområde for Seljord barne- og ungdomsskule

Det har kome tilbakemeldingar på at det har blitt gjort for omfattande inngrep i samband med flaumsikring bak skulen. Rådmannen vil med dette orientere litt om bakgrunn. Det er gjennomført til erosjonsikring av bekkane samt sikring av «dammen» bak skulen.

Det vart i 2019 laga ein rapport som tok for seg kartlegging av kritiske punkt som kan skade offentleg infrastruktur i Seljord sentrum. I denne rapporten kom det klart fram at Gravshaugbekken, Kjempa og Tussejubekken er 3 bekkar som i gitte flaumsituasjonar kan føre til farlege situasjonar, såkalla kritiske punkt der ein rår til å raskt sette i verk tiltak.

Området bak skulen med dei to bekkane som gjeng her, var eit av områda som vart kategorisert til raud nivå - større problemområde. Ved store nedbørmengder så dannar det seg og overflatebekkar i området, som fører til at tilstopping av gitteret i utløpet på dammen bak skulen. Ein ser og at det vert grave mykje ut i kantsoner og under større tre i begge bekkane. Skulestien vert og ein flomveg.

For å kunne gjennomføre ein fornuftig erosjonsikring av området inkl. bekkane så måtte diverre vegetasjonen fjernast. I utgangspunktet vart det ynskje om å la dei store tre stå igjen, men etter vurdering av fagfolk så vart det beslutta at desse og måtte fellast. Vurderinga gjekk ut på stabiliteten i sterk vind, med påfølgande fare for materielle skader, men og personskader. Ein har erfart at området har vore til tider særst utsett for vindfall, og toppbrekk i sterk vind.

Det vart gjort ei synfaring saman med entreprenør, teknisk etat, hovudverneombod, leiar i utdanningsforbundet, repr. frå skule og repr. frå bornehage. Konklusjonen var at skule og bornehage skulle i samråd med utførande entreprenør gå over området og merke dei tre som dei ynskte skulle stå igjen. Arbeidet er ikkje ferdig og det planleggast vidare at kvist og mindre tre som ikkje vert nytta til ved/virke skal flisast opp. Flisa skal nyttas som dekke i områda som skule/bornehage nyttar som akebakke. Bekkane skal erosjonsikrast, og våtområdet bak bornehagen skal flisleggast. Ein vil også lage flomvegar i området slik at skulestien ikkje vert flomveg. Dammen bak skulen skal utvidast, og ein skal sikre dammen med eit nytt høgt gjerde. Slik at ein ikkje risikerer at nokon dett oppi dammen.